

ALKOHOL POLITIKK GAULAR NAUSTDAL

Får selje alkohol utan tilsette i butikken – slik skal det skje



FÅR SELJE: Henny Råheim ved Joker Viksdalen er mellom butikkdrivarane som no får selje øl utan tilsette til stades. Foto: Sindre Osland Yndestad

Av [Ole Johannes Øvretveit](#)

Sist oppdatert:
20.06.24 16:29



Del

Sunnfjord kommunestyre vedtok torsdag at butikkane i Viksdalen, Vevring og Midtredalen i Naustdal får selje alkoholhaldige drikkevarer opp til 4,7 prosent alkohol utanom ordinær opningstid, og utan tilsette til stades.

ANNONSE

For abonnentar

– For små nærbutikkar er dette veldig viktig økonomisk. Ny digital teknologi gjer at ein kan handle utan at det er bemanning til stades. Tilbakemeldingar frå butikkar om har prøvd denne teknologien er veldig gode. Skjenkekontrollørar frå Securitas og trygg24 rapporterer at dei har ikkje registrert eitt avvik på omsetjing av øl i dei butikkane som har innført denne teknologien, sa Magne Aardal (SV), som er leiar for utval for helse og omsorg, og som presenterte saka for kommunestyret:

Viktig for distrikta

– Dette er viktig, ikkje berre for folk som er busett i distriktet, men også for butikkane. Difor støttar eg kommunedirektøren si tilråding: Dette er eit godt tilbod, og det må prøvast ut.

Tilrådinga (og etter kvart vedtaket) går nemleg ut på at dette er ei prøveordning, som skal vare til 30. september i år. Innan den dato skal utval for helse og omsorg evaluere ordninga og vurdere om løyvet skal forlengast.

ANNONSE

Butikkane får selje øl utanom sine ordinære opningstider, men må likevel halde seg til dei salstider for alkohol som er fastsett i Alkohollova og Ruspolitisk handlingsplan for Sunnfjord kommune 2020-2024:

- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl. 08.00 til kl. 20.00 på kvardagar.

- På dagar før søndagar og helgedagar skal sal og utlevering opphøre kl. 18.00, unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. 1. og 17. mai er her ikkje å rekne som helgedagar.
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndagar og helgedagar, 1. og 17. mai.
- Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan skal sal og utlevering opphøre kl. 15.00.

Heilautomatisk

Vedtaket føreset at butikkane brukar teknologien RMA butikkstyring. Med denne løysinga blir den enkelte butikk heilautomatisert, og koplar automatisk på betening når det er behov for det. Johnny Kårstad (Sp) følte behov for å opplyse kommunestyret litt:

– Berre så alle er klare over det: Skal du handle alkohol i dette systemet, må du identifisere deg med fingeravtrykk, og det fingeravtrykket må du først ha lest inn medan det er tilsette til stades. Så det er ikkje berre å gå inn og kjøpe øl utanom opningstid, sa Kårstad.

Fryktar langing

Annlaug Birkeland (Ap) hadde ei lita bekymring:

– Det er greitt at ein må inn med fingeravtrykk, og alt verkar nok som det skal inne i butikken. Men kven veit kven som står utanfor og ventar? Det er lettare for at folk kjøper øl til mindreårige, når det skjer utanom opningstid og det kanskje ikkje er nokon andre der, sa Birkeland.

ANNONSE

– Det er eit godt innspel. Eg reknar med at utval for helse og omsorg tek stilling til det når dei skal evaluere ordninga, sa ordførar Jenny Følling (Sp).



LES OGSÅ

Sogndal opnar pub på Fosshaugane: – Ingen skal komme «inkåleisn» ut på tribuna